



BJØRKELIA HYTTEGREN

- Nytt hyttefelt snart klar for utbygging i fjellparadiset Stordalen



- Fiske i fjellvatn og fjord - Kort køyretid frå Bergen og Førde - Alpinanlegg - Innfallsporten til Stølsheimen



Flott tur- og skiterreng i Stordalen

Tenk den herlege kjensla av fjell-
aure som bit på første kastet, ap-
pelsiner i solveggen ein strålende
påskedag og lange turar på ski el-
ler fots i Guds frie natur. Alt dette
kan du oppleve om du vel å byggje
draumehytta di i Bjørkelia. Vi har
tilbodet – du har moglegheiten.

Tomtene blir om lag 1000 kvm
og sjøveigande. Utbyggjar byggjer
veg inn til parkeringsplass i feltet,
i tillegg vert det bygd vinterparke-
ringsplass ved fylkesvegen. Veg
og parkeringsplass skal byggjast
ut før det vert gjeve byggjeløyve i
hyttefeltet. Det vert ført el-kraft og
breiband fram til trafo i feltet med
tilkoplingskåp fordelt til sentrale
punkt i hyttegrenda. Det vert tilret-
telagt for å leggje inn i vatn i kvar
hytte. Vatn frå boring i fjell med
reinsing med uv-filter eller tilsva-
rande godkjend reinsing. Det vert
tilrettelagt for felles avlaup for grå-
vatn mot at kvar hytte har eigen
reinsing.

BJØRKELIA OO

- fjellparadis for alle årstider



Stordalen skisenter, nytt i 2007 og utbetra i 2008
www.stordalenskisenter.no

Stordalen er eit vakkert dalføre som ligg kring 500 – 600 moh mellom Matre i Hordaland og Sognefjorden. Frå E39 ved Matre går det heilårsåpen veg til Stordalen. Det er 16 km køyring frå Matre til hyttefeltet Bjørkelia. Fylkesvegen er under utbetring og vil i åra framover verte sikra med rekkverk og større breidde.

Stordalen har gode snøforhold og gode turløyper både sommar og vinter. Skitrekket i Stordalen er også ein populær aktivitet, ikkje minst for dei unge. Hyttene i Bjørkelia får utsikt over Stordalsvatnet, og det er godt fiske i fjellvatna i området. Ein kort køyretur unna ligg verdsarvområdet Sognefjorden med sine unike moglegheiter for fjordfiske og rekreasjon. Tradisjonsrike Stordalen fjellstove ligg ikkje langt frå Bjørkelia og tilbyr god mat og overnatting.



Våren 2008 vert tomtene klare for sal, sjå plankartet for Kva for tomt som kan passe deg. Vi tek deg gjerne med på ei synfaring i Stordalen.

G STORDALEN


Stordalen byr på mektig natur og flotte turterreng for store og små



Granden nærmiljøanlegg i Ikjefjord ved Sognefjorden ligg ein kort køyretur unna



Utbyggingsklart i 2008



Det flotte hytteområdet er om lag 90 daa stort, og det er regulert inn 37 hyttetomter, som alle er plassert mest mulig i tråd med "støls/tun-modellen". Det vert lagt opp for breiband for dei som ynskjer dette. Det er veg inn i feltet med sentral parkeringsplass og gangsti fram til hyttene. Det er krav om at tomtene skal ha minst mogleg opparbeiding, og vinkelbygningar vil ikkje bli godkjend på dei "brattaste tomtene" – møneretningen skal følgje terrenget. Våren 2008 vert tomtene klare for sal, sjå plankartet for kva for tomt som passar deg og draumen din om hytte i eit nært og praktfullt fjellterreng. Kontakt oss for ei synfaring i området! Bjørkelia ligg svært sentralt med under to timar køyring frå Bergen og to timar frå Førde.

Tomteprisar frå kun 300 000,- i tillegg kjem planlegging /opparbeiding for fellestiltak.